

Utval: Fylkeseldrerådet i Hordaland
Møtestad: Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset
Dato: 11.01.2018
Tidspunkt: 09:30 – 14:20

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Inger M. Lingjerde	Medlem	PF
Odd Himle	Medlem	SN-H
Gunda Falao Sparre	Nestleiar	LOP
Monrad Reigstad	Medlem	PF
Inger Sjong	Medlem	FL H/FRP/V/MDG

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Kåre Ystanes	Leiar	PF
Synnøve Solbakken	Medlem	FL A/SP/SV

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Gunvor Riim Opedal til kl 13:15	Kåre Ystanes	PF
Tore Svendsen	Synnøve Solbakken	FL A/SP/SV

Merknader

Møte vart leia av nestleiar Gunda F Sparre.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Dianne Kilvær	Sekretær

Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 2/18	Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 07.12.2017.	2017/2682	
PS 3/18	Godkjenning av sakliste		
PS 4/18	Referatsak (meldingar)		
RS 1/18	Eldre døve som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland	2017/2682	
RS 2/18	Foreslått nedlegging av båtrute til veglause bygder på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås	2017/2682	
RS 3/18	Orientering om regionreformen på møte i fylkeseldrerådet den 15.03.2018	2017/2682	
PS 5/18	Handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019, revisjon	2017/2682	
PS 6/18	Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet - justering etter møtet den 07.12.2017	2017/2682	
PS 7/18	Vedtak om representasjon i regionale brukerutval	2017/2682	
PS 8/18	Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tid, stad og tema	2017/2682	
PS 9/18	Ymse		

PS 1/18 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

PS 2/18 Godkjenning av møteprotokoll frå møte den 07.12.2017.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Vedtak

Møteprotokoll frå møte 07.12.2017 vart godkjent utan merknader.

PS 3/18 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Vedtak

Saklista vart godkjent utan merknader.

PS 4/18 Referatsak (meldingar)

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

I samband med RS 2/19 foreslo **Monrad Reigstad (PF)** at Fylkeseldrerådet vil be om å få framlagt saksgrunnlag ved framleggelse av ny sak om båtrute for veglause bygder i Osterfjorden, jf. PS 105/17 i fylkestinget 12.12.2017. Sekretariatet fylgjer opp dette.

Vedtak

Øvrige referatsaker vart tatt til orientering.

RS 1/18 Eldre døde som blir tilsidesatt i kommuner i Hordaland
RS 2/18 Foreslått nedlegging av båtrute til veglause bygder på Osterøy, i Vaksdal og i Lindås
RS 3/18 Orientering om regionreformen på møte i fylkeseldrerådet den 15.03.2018

PS 5/18 Handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019, revisjon

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019, slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Under overkskrift **Fylkeseldrerådet: eit reelt samarbeidsorgan for fylkeskommunen** vart rådet samd i at ein byt ut «ønskjer å» med «skal» i første setning, samt endrar «opplæringskurs» til «opplæring» under punkt A.

Odd Himle (SN-H) sette fram slikt forslag til endring av pkt. D:

«Fylkeseldrerådet vil også på eige initiativ gi innspel og engasjera seg på område som fylkeseldrerådet meiner er viktige for dei eldre i Hordaland fylkeskommune.»

Røysting

Himle sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Inger Lingjerde(PF) sette fram slikt forslag til endring under ansvarsområde **1/Samferdsle** pkt. C, c:

«delta i prosjekt om universell utforming når dette skulle vera aktuelt, slik at fylkeseldrerådet blir representert i alle prosjekt/byggeplanar i fylkeskommunal regi.»

Inger Lingjerde skriv forslag til brev til eigedomsavdelinga med kopi til Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne med ynskje om å vera representert i komitear for fylkeskommunale bygg.

Røysting

Lingjerde sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Odd Himle (SN-H) sette fram slikt forslag til endring av pkt. E:

«Fylkeseldrerådet tilrår at Fylkeskommunen i samarbeid med Trygg Trafikk fokuserer på trafikksikringstiltak for utsette grupper.»

Odd Himle (SN-H) sette fram slikt forslag til endring av pkt. F:

«Fylkeseldrerådet vil arbeida for at alle haldeplassar har leskur, som gir ly for vind og regn, godt ljøs og markering for fotgjengarar slik at det blir trygge tilhøve ved av- og påstigning.»

Røysting

Himle sine forslag under punkt E og F vart samrøystes vedtatt.

Gunvor Riim Opedal (PF) sette fram slikt forslag til endring av pkt. G:

«Fylkeseldrerådet vil oppmuntra dei lokale eldreråda til å søkja om midlar til trafikktiltak særleg retta mot born og eldre.»

Gunvor Riim Opedal (PF) sette fram slikt forslag til endring av pkt. b under ansvarsområde **2/Fokehelse og tannhelse:**

«oppmoda om at økonomisk støtte til aktivitetstiltak for eldre (etter søknad) i regi av kommunale eldreråd eller organisasjonar blir lagt inn i fylkeskommunen sitt budsjett.»

Røysting

Opedal sine forslag vart samrøystes vedtatt.

Fylkeseldrerådet vart samd i at pkt. C under **5/Fylkeseldrerådet som formidlar av kunnskap og informasjon** går ut.

Tore Svendsen (FL A/SP/SV) sette fram slikt forslag til endring av pkt. D:

«Det vert oppretta kontaktperson for dei enkelte regionane: Voss/Hardanger, Sunnhordland, Bergen m/omegn, Nordhordland.»

Gunvor Riim Opdela (PF) sette fram slikt forslag til endring av pkt. D

«Fylkeseldrerådet vil arbeida for god kontakt med dei kommunal eldreråda bl.a. ved å sende elektronisk informasjon om komande møte og protokoll til dei lokale eldreråda.»

Røysting

Svendsen sitt forslag fekk 2 røyster (FL A/SP/SV og SN-H) og fall.

Opedal sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Odd Himle (SN-H) sette fram slikt forslag til endring av pkt. a under **7/Eit aktivt Fylkeseldreråd:**

«ta meir kontakt med media, til dømes ved å bruka lokal- og regionsaviser.»

Røysting

Himle sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek handlingsplan for fylkeseldrerådet 2016-2019, slik den ligg føre med dei endringane som kom fram i møte.

PS 6/18 Årsmelding 2017 for fylkeseldrerådet - justering etter møtet den 07.12.2017

Forslag til vedtak

Årsmeldinga 2017 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Det vil bli retta opp skrivefeil og lagt inn bilete, slik at årsmeldinga vert presentabel før den vert lagt fram for fylkestinget.

Vedtak

Årsmeldinga 2017 for fylkeseldrerådet vert vedteke slik den ligg føre med dei endringane som kom fram i møtet.

PS 7/18 Vedtak om representasjon i regionale brukarutval

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek forslag til brev til Helse Vest, slik det ligg føre.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Monrad Reigstad (PF) sette fram slikt forslag:

«Angående representasjon i regionale bukarutval. Uttalen frå fylkeseldrerådet vert sendt Helse Bergen. Det vert også sendt ei oppmoding til fylkeseldrerådet i Troms om å ta saka opp på landskonferansen i juni 2018.

Røysting

Reigstad sitt forslag vart samrøystes vedtatt.

Vedtak

Angående representasjon i regionale bukarutval. Uttalen frå fylkeseldrerådet vert sendt Helse Bergen. Det vert også sendt ei oppmoding til fylkeseldrerådet i Troms om å ta saka opp på landskonferansen i juni 2018.

PS 8/18 Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for dei kommunale eldreråda, forslag til tid, stad og tema

Forslag til vedtak

Fylkeseldrerådet vil fremje forslag til tid, stad (hotell) og tema for eldrerådskonferansen 2018.

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Vedtak

Fylkeseldrerådet vart samd i å arrangere den årlege eldrerådskonferansen 6. – 7. november 2018. Sekretariatet vil sende førespurnad til følgjande avtalehotell: Grand hotell Terminus, Scandic Ørnen og hotel Norge (dersom dei er med i avtalen).

Eit tema vil vere: Ernæring; Erfaring med felles storkjøkken eller eiga kjøkken på institusjonar. Inger Sjong tar kontakt med Bergen kommune v/Liv S Breistein og førespør om ho kan ha ei orientering på neste rådsmøte. Odd Himle sjekkar kontaktperson når det gjeld medisinsk område.

PS 9/18 Ymse

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 11.01.2018

Fylkeseldrerådet mottok brev frå Bergen eldreråd 3. januar 2018: «Ansvarsfraskrivelse i eldreomsorgen».

AU vil utforma eit brev til Bergen kommune v/byrådsleiar Harald Schjelderup med kopi til Bergen eldreråd, der ein peikar på fylkeseldrerådet si bekymring på innhaldet i mottatt brev.

Inger Sjong informerte om at Skyss sine anbod på bussar/servicelinjer går ut 2019. Sekretariatet vil ta kontakt med Skyss og spørje om tidspunkt for anbod for neste tildelingsperiode.

Inger Sjong tok opp sak som har vore i media i det siste vedrørande reduksjon av gratis tannbehandling for prioriterte grupper.

Sekretariatet tar kontakt med leiar av Tannlegeforeningen i Bergen, Karen Reinholtsen med førespurnad om orientering på rådsmøte etter påske, angående reduksjonen av gratis tannbehandling for prioriterte

grupper (psyk. sjuke, kronikarar osv). Tannhelse og generell helse er to sider av same sak. Tannhelse må bli eit velferdstiltak på linje med lege og sjukehus.

Tore Svendsen tok opp sak om at mammografibussen i Nordhordland er nedlagt og at mammografiundersøkelse vert avslutta ved fylte 69 år, mens det i Europa (EU?) skjer utvidelse av aldersgrensa opp til 75 år.

Inger Lingjerde vil ta dette opp i brukarutvalet Helse Bergen på møte i februar og melde tilbake til fylkeseldrerådet.

Det er eit ynskje frå fylkeseldrerådet at saklista til kvart møte vert sendt til dei kommunale råda og likeeins protokollen, ikkje berre link til heimesida/e-innsyn.